



Liv Eik beundrar eit nytt AFA-produkt – vinhøna! (Foto: Ola Matti Mathisen)

AFA hadde laurdag fire timar salskafe for tredje året på rad og det var jevnt og godt besøk på "loftet".

Arbeidstakarar og ansatte stilte opp for å selja produkt som er laga gjennom det siste året. Det var løparar, sitteunderlag, servietthaldarar, toalettvesker, filierer og åklær, for å nemna noko. Og så frista dei med eit nytt produkt – ei vinhøne!

For dei som ikkje med ein gong fattar kva det er, er det ei tøyhøne som ein kan gjømma innmaten i ein vinkartong i!

Men folk kom ikkje berre til AFA for å kjøpa, dei kom også for å få seg litt mat og eit triveleg samvær med andre. Ikkje minst risgrauten vart sett stor pris på.

AFA har tradisjonelt ikkje så mange salskanalar som er nytta og dette er også ein fin måte for pionerbedrifta til å

presentera seg utad.

Men det manglar slett ikkje bestillingar frå private.



Grauten var god, meiner firkløveret (frå venstre) Gunvor Myklebust, Åshild Sjøwall, Edvin Kjærland og Birger Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)